

Raymond Aase
Åse 141
5916 Isdalstø

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/1359 - 23/27432

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
12.04.2023

Landbruksveg - Løyve til å byggje velteplass og ombygging av veg på gnr. 187/2 Åse

Administrativt vedtak: Saknr:

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar gjev Alver kommune Raymond Aase løyve til å byggje velteplass og veg i samband med denne på gnr. 187, bnr. 1 Åse Søndre i Alver

Vilkår:

- Under arbeidet må søker spå langt råd er unngå inngrep i og/eller skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter med meir.
- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet må alt arbeid stoggast og Vestland fylkeskommune, avdeling for kultur, idrett og inkludering varslast.
- Teknisk må anlegget må byggjast slik det er søkt om. For veganleggget må minimum krav til enkel traktorveg – vegklasse 8 i normalar for landbruksvegar fulgjast.
- Vedtaket er gyldig til 31.05.2026
- Arbeidet skal vere ferdig innan 31.05.2027.
- Etter ferdig bygging skal området ryddast.

Om ikkje arbeidet er sett i gong innan frist for løyvet, fell løyvet bort jf. landbruksvegforskrifta § 3-2.

Saka gjeld

Raymond Aase søker om å etablere velteplass og ombygging av veg i samband med denne. Velteplassen var opphavelig søkt om 120m, men er sidan utvida med 150m. I praksis er velteplassen ei utviding av ein enkel traktorveg og denne vegen . Denne vegen må vere slik at den ikkje vert redusert i vegstandard etter ferdig arbeid.

Dekningsområdet er oppgjeve til 241 daa der produktivt skogareal er 108 daa. Anlegget er kostnadsrekna til om lag kr 150.000. Det vil løyse ut 3000m³ skog. Anlegget er i hovudsak bygd.

Heile anlegget ligg på bnr. 2.

Masse skal kyrast til. Stadfesting på denne massen er sendt kommunen og gjeld 16-32 grus frå Kjekkdalen. Føremålet med vegen er oppgjeve til 100% skogbruk. Kommunen var på synfaring 08.03.2023.




Fig. 1. Om lag plassering av anlegget.



Fig. 2. Velteplassen er alt teken i bruk då hogsten er godt i gang.

VURDERING:

Formålet med landbruksvegforskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som gjev best moglege heilsaksløysingar. Samstundes skal det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og endeleg andre interesser som vert råka av vegframføringa.

Vegen gjev tilkomst til og rasjonell hogst av skog og er såleis i tråd med føremålet.

Prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfald der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden, men og i ein større samanheng. Kommunen har

mellan anna søkt i naturbasen (via gardskart) og artsdatabanken. Det er ikkje gjort funn i anleggsområdet eller området i nærleiken.

Søknaden har vore sendt på høyring til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune, kultur.

Vestland fylkeskommune uttrykkjer misnøye med at anlegget alt er bygd. Dette av di deira høve til å vurdere området i forhold til kulturminnelova er vesentleg redusert. Dei peikar òg på at kartet er vanskeleg å tolke i høve kvar anlegget er etablert. Fylkeskommunen kan ikkje sjå at traséen kjem i direkte konflikt med kjende automatisk freda kulturminne. Fylkeskommunen har difor ingen avgjeraande merknader utover at ein under arbeidet sokje å unngå inngrep/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter med meir.

Fylkeskommunen syner òg til meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under arbeidet, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune. Alt arbeid må då støggast til rette forvaltningsmynde har vurdert funnet. Eventuell gransking vil verte gjennomført mindre enn 3 dagar etter melding om mogleg funn.

Statsforvaltaren har kort vurdert både miljø- og landbruksinteressene. Statsforvaltaren har ingen merknad til søknaden. Men Statsforvaltaren minner om korleis kart skal leggjast ved søknaden og kva krav til innhaldet av kartet som er sett.

Vi har ikkje teke mot svar frå Alver kommune, kultur.

Slike søknadar skal altså vurderast etter naturmangfaldslova §§ 8-12 jf. § 7. Ut frå det som kjem fram ovanfor finn vi at kravet om kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldslova § 8 er godt nok til å fatte vedtak. Vidare er «føre-van» prinsippet teke i vare med det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre, slik intensjonane i naturmangfaldslova § 9 føreset. Vi kan heller ikkje sjå at den samla byrda for økosystemet er nemneverdig lidande jf. naturmangfaldslova § 10. Vegen er avgrensa i omfang og gjev heller ikkje, etter kommunen sitt syn, nemneverdige ulemper og gjev slik sett best mogleg lokalisering jf. naturmangfaldslova §§ 11 og 12.

Etter ei samla vurdering finn kommunen at søknaden kan komast i møte.

Regelverk

- Forskrift om planlegging og bygging av landbruksvegar.
- Normalar for landbruksvegar – med byggeskildring
- Naturmangfaldslova
- Forvaltningslova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «23/1359»

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Raymond Aase

Åse 141

5916 Isdalstø